

Høringsoppsummering

1. Type høringsinstans.

Fellesråd

2. Navn på høringsinstans.

Øygarden kyrkjelege fellesråd

3. Bispedømmetilhørighet.

Bjørgvin

4. Har du kommentar til kapittel 1: Innledning

Planen sitt oppdrag synast å vere å inkludere. Vi saknar at planen har større fokus på oppdraget vårt om å tene Gud.

5. Har du kommentar til kapittel 2: Teologisk grunnlag for kirkelig undervisning og læring

Side 5: I dette avsnittet om Jesus Kristus, handlar det mest om menneskelege erfaringar, ikkje så mykje om Jesus, slik overskrifta skulle tilseie. Jesus som vår frigjører er overskrift, men ender i kva vi kan lære om berekraft. Det verkar litt motsetningsfylt. Teksten seier lite konkret om Jesus som sentrum for trua.

Vi skal inkludere alle, slik dokumentet er tydeleg på. Det er vi einige i. Men kva skjedde med "Kom som du er, men ikkje gå som du var" (helliggjørelsen)? Kva er vitsen med kyrkjeleg undervisning og læring dersom alt er så erfaringsbasert?

Erfaringar og livet vårt med alt vi er og har skal ein ta med inn i trua og kyrkja! Men spørje: Korleis kan Bibelen og trua gi lys over erfaringane våre? Korleis kan sanninga i Jesus Kristus gjere oss frie?

Starten på kap 3 i den gamle planen(Gud gir – vi deler, 2010): Sjå orda om det sentrale og grunnleggjande. Kjem dette i rammeplanen? Denne overordna planen opplevast som ei sterk dreining bort frå innhaldet og rammene i Planen frå 2010.

Inkludering: Side 4: "Kirken må finne og fjerne alt som kan hindre mennesker fra å oppsøke dåp". Det verkar krampeaktig (desperasjon pga av synkande dåpstal), og ein blir rett og slett usikker på teologien som ligg bak. Difor meiner vi setninga ikkje bør vere med, slik den står no.

Konklusjon: Innhaldet bør vere meir konkret og meir fokus på Evangeliet, og mindre på menneskelege erfaringar.

6. Har du kommentar til kapittel 3: Å leve og vokse: Innhold i kirkelig undervisning og læring

Vi støtter eit sterkt fokus på bibelfortellingane. Det er bibelfortelingane som kan og skal bere innhaldet i vår kyrkjelege undervisning og læring. Så legg vi oss sjølv og erfaringane våre, alt vi er og har inn i dei og speglar livet og trua vår der. I fortellingane som ber oss i alle faser av livet, gjennom alle erfaringane våre. Å løfte opp bibleforteljingane i ei overordna plan gjev meiningspå alle plan, og de gjer dette på ein god måte. Det blir spennande – og enormt viktig - korleis vi kan følgje dette opp i rammeplanane for dei ulike aldersgruppene og i vår lokale plan!

7. Har du kommentar til kapittel 4: Å være og å lære: Pedagogisk

grunnlagstenkning og læringssyn

Spørsmål: Kva meinast eigentleg med pedagogisk grunnlagstenkning og læring her? Kva for pedagogisk grunnsyn HAR kyrkja, på læring, på målgruppe? Viss ein ikkje seier noko meir fagleg forankra, og konkret, tilrår vi at kapitlet heiter "Å vere - å lære". Det blir ikkje riktig å kalle kapitlet: Pedagogisk grunnlagstenkning og læringssyn.

Vi synast planen burde vere noko meir konkret om det pedagogiske, fordi pedagogikk og menneskesyn heng så tett saman. Kanskje noko meir om det heilt grunnleggjande ein overordna plan, og så meir konkretisering i rammeplanane?

8. Har du kommentar til kapittel 5: Likeverdig deltagelse og medvirkning

Inkludering og tilrettelegging: Her er gode ord vi ikkje er ueinge i. Men samtidig: I teologien i planforslaget verkar det å vere ei dreining til at erfaringa til den enkelte er det som formar trua og bibeltolkninga. Lite ligg fast, få absolutter. Det faste vert presentert i bygg og kunst, og mindre fasthet i teologi.

9. Har du kommentar til kapittel 6: Samisk kirkeliv: likeverdig og livskraftig

Vert fokuset for "politisk" ved å f eks å ha eit eige kapitel om samisk kirkeliv? Det vert i tillegg veldig konkret når ein snakkar om samisk natursyn som forbilde for vår tanke om bærekraft. Byrjar ein å nemne einskildgrupper, korfor skulle ein nemne den eine framfor den andre? Vi anbefaler å ikkje trekje fram einskildgrupper meir enn å nemne heilt korte eksemplar. Ein snakkar om samisk tru og tradisjon meir enn det som naturleg vil høyre heime i ein overordna plan for kirkelig undervisning og læring.

Inkludering og mangfold burde vere naturleg, og kunne heller vore snakka om i meir generelle ordelag.

10. Har du kommentar til kapittel 7: Samarbeid om kirkelig undervisning og

Læring

Vi foreslår å stryke ut setninga: "Aktiviteter som skjer i dette samarbeidet kan ikke være forkynnende", fordi setninga er overflødig og inviterer til ein konfliktarena som vi ikkje treng å leggje opp til å bevege oss inn på. Heller: "Aktiviteter i dette samarbeidet gir viktig læring".

11. Har du kommentar til kapittel 8: Lokalt planarbeid

Den livslange læringa bør ha eit sentralt fokus i både sentral og lokal plan, for eksempel tiltak på tvers av generasjonar. F eks Involvere familiane meir i trusopplæringsarbeidet, for alle aldersgrupper, også i konfirmantarbeidet.

Det blir viktig og spennande korleis vi klarer å lyfte og presentere fokuset på bibelforteljingane – for alle aldersgrupper – i lokalt planarbeid!

12. Har du andre kommentarer til planen

Det er ikkje er tvil om at det i denne planen ligg eit ynskje om å leggje opp til at flest mogleg kyrkjelyder kan arbeide ut frå den. Spørsmålet vi stiller oss, er om den mislukkast med det? Fordi overordna plan er så open og “inkluderande”, vil den fort kunne hamne der at ein ikkje kan bruke den til noko?

Det er litt spesielt at avsnittet om Sivdnidit er saksa rett frå oppgåva (frå teologisk fakultet UiO), men setninga derifrå om at denne også brukast i ikkje-kristen samanheng er tatt bort. Det gjev lite truverdigheit.

Avsnitta i fleire kapitlar avviker frå overskriftene. Det opplevast som at planen i litt ulike ordelag og perspektiv held fram mykje av det same; at det er viktigast med vår menneskelege erfaring.

Det er positivt og nyttig at ein tenkjer målgruppe unge – vaksne og vaksne. Fint og viktig fokus.

Vi bør tilby trusopplæring for heile livet. Saknar noko meir fokus i overordna plan på vaksen målgruppe. Konkret tips til rammeplanane her er å sjå gudstenestelivet og prestane sine oppdrag i samanheng med kyrkjeleg undervisning og læring. Dei fleste som jobbar med trusopplæring vil opplever at dei ikkje har ressursar til å ta inn ein heilt ny målgruppe i arbeidet. Men om ein får til godt samarbeid med prestane og sokneråda og kanskje også samarbeid med andre organisasjoner og forsamlingar, kan ein få mykje til og lage og synleggjere mange «bruer» som ein saman kan gå opp og gå over. Eit anna moment vi trur blir viktig for unge-vaksne, er oppfølging av ungdomane våre etter at dei er 18 og «utsendt», korleis følgje dei opp og ha kontakt med dei vidare, som kyrkjelyd?

Det er bra, berekraftig og hensiktsmessig med god samanheng mellom punktvise og kontinuerlege tiltak, slik ein går inn for i planen.

Det vi opplever er eit overdrive fokus på inkludering, eiga erfaring, aksept og eiga oppleving, gjer at planen verkar sjølvsentrert. Ein mister fokus på at vi er gjeven eit oppdrag for Gud. Vi lever for Han og til det beste for kvarandre. Ikke for å gjere livet best mogleg for oss sjølve. Å vere truverdig og berekraftig kyrkje handlar om å vere tru mot oppdraget vårt. Det opplever vi at den overordna planen bør gjenspegle endå tydlegare.

«Ut frå det vi har nemnt av innvendingar og innspel til planen finn vi at planen bør skrivast på nytt, og at ein spesielt må ta omsyn til kva vi som kyrkje byggjer opplæringa på, spesielt teologisk, men også pedagogisk.

1.Joh. 4.10-13 er ein skriftstad med eit godt utgangspunkt for å stake ut kursen vidare for kyrkjeleg undervisning og læring:

Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elskar Gud, men at han har elskat oss

og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.

11 Mine kjære, har Gud elsker oss så, då skyldar òg vi å elsker kvarandre. 12 Ingen har nokon gong sett Gud, men dersom vi elskar kvarandre, blir Gud verande i oss, og hans kjærleik har vorte fullenda i oss.

13 At vi blir i han og han i oss, det veit vi fordi han har gjeve oss av sin Ande.

Vi ber om at ein går gjennom på nytt og tar med dei grunnleggjande perspektiva innanfor teologi og pedagogikk vi fekk å jobbe utifrå gjennom «Gud gir- vi deler»(2010), inn i ein ny overordna plan.

13. Av hensyn til forenkling vurderes det om Kirkerådet kan vedta de seks ulike rammeplanene under overordnet del. Hva mener du om dette?

- Kirkerådet kan vedta rammeplanene
- Rammeplanene bør vedtas av Kirkemøtet

Rammeplanene bør vedtas av Kirkemøtet

14. Har du utdypende kommentar til spørsmål 13

Dette bør vere ein god og omstendeleig prosess. Den bør ikkje vere gjenstand for forenkling, rett og slett fordi desse rammeplanane vil vere så utruleg viktige for kva som vil såast, gro og vekse i og mellom utallige einskildenneske, grupper, familier, kyrkjelyder, bygder og nærmiljø i åra som kjem.